

## JAKOB RODDE HERREN HEIM TIL HUMBORSTAD

Mel.: *Joshua fit the battle of Jericho*

Jakob blunda hos Vårherre,  
men ein vakker dag han sa:  
Du held hand om meg, eg vil takke deg  
med ein tur til Humborstad.

*Jakob rodde Herren heim til Humborstad,  
Humborstad, Humborstad!  
Jakob rodde Herren heim til Humborstad.  
Det er trygt å kome heim!*

Du vert helsa varmt på tunet,  
at du kjem hit hen er stort!  
Med ditt vidsyn her / vil du sjå det er  
av det beste du har gjort! .. *Jakob rodde* ...

Sjå dei heimefagre åsar,  
og i enga blomevell,  
og som smykkestein / over kvar ei grein  
inst i dalen kvite fjell. .. *Jakob rodde* ...

Sjå på Ingeborg ved rokken,  
hennar flid med karda ull  
så vi alle kan kan / gå med vernehand  
over is og snø og svull. .. *Jakob rodde* ...

Her er Rasmus, her er Anne,  
barneliv til seine kveld!  
Sjå på Berte her, sjå på Ole der,  
og så vesle Gabriel! .. *Jakob rodde* ...

La oss ta ein tur på fjorden,  
la oss kaste våre garn!  
Det skal tråast til, og vi kan og vil,  
vi skal trygge våre barn! .. *Jakob rodde* ...

Ta deg sete øvst ved bordet,  
enkel husmannskost som din.  
Bryt du brødet der, sjå at vatnet er  
endå klårare enn vin! .. *Jakob rodde* ...

Same kor du er i tida,  
same kven du høyrer til  
er det ett som gjeld; du vil dine vel,  
og vil ro dei dit dei vil! .. *Jakob rodde* ...

*FREDDIE*